



## TIL DEG PÅ UNGDOMSSTEGET

*I løpet av våren 2019 vil du få fastsett karakterane som skal stå på VITNEMÅLET FOR GRUNNSKULEN.*

*I enkelte fag kan du ha fått avgangskarakter tidlegare, til dømes i valfag, musikk og mat og helse.*

*Fylkesmannen har registrert eit behov for informasjon med omsyn til karaktersetting, eksamen og klage på karakterar.*

*Vi har derfor laga denne brosjyren som vi håpar du kan ha nytte av.*

*Med helsing*

*John Ole Vange  
Seksjonsleiar*

### **Fritak frå vurdering med karakter i fag**

I tilfelle du har fått eit enkeltvedtak om spesialundervisning og får opplæring etter ein individuell opplæringsplan (IOP), kan foreldra velje om du skal ha vurdering med karakter i faget/faga det gjeld. Følgjer du ein eigen læreplan i faget eller ikkje har opplæring etter heile den ordinære læreplanen, kan du ikkje få karakter. Då skal skulen fatte vedtak om fritak for karakter i dette faget.

I fag der det blir gitt karakter både i skriftleg og i munnleg, kan foreldra velje om du skal ha karakter i skriftleg og/eller i munnleg. Retten til å velje gjeld berre dei faga der det er fatta vedtak om spesialundervisning og der du får opplæring etter ein IOP. Til hjelp ved avgjerda om vurdering med karakter skal skulen gje rettleiing.

### **Sidemål**

Om du på grunn av sjukdom, skade eller dysfunksjon som er diagnostisert av ein sakkunnig, har problem med å greie begge målformene i norsk, eller dersom du ikkje har gjennomført ungdomstrinnet i norsk grunnskule, har du rett til fritak frå vurdering med karakter i skriftleg sidemål.

### **Kroppsøving**

Dersom du får tilrettelagt opplæring i kroppsøving, og opplæringa ikkje kan vurderast med karakter, kan du få eit vedtak om fritak frå vurdering med karakter i kroppsøving.

Om du er fritaken frå vurdering med karakter i eit eller fleire fag, skal du likevel ha undervegsvurdering og halvårsvurdering utan karakter.

### **Undervegsvurdering og halvårsvurdering**

Munnleg og/eller skriftleg undervegsvurdering skal givast løpande og systematisk og vere til hjelp i læreprosessen. Halvårsvurdering er ein del av undervegsvurderinga.

Halvårsvurdering utan karakter skal gi rettleiing om korleis du kan auke kompetansen din i faget.

Halvårsvurdering med karakter skal syne kompetansen din i fag i forhold til kompetansemåla i læreplanverket Kunnskapsløftet. I vurderinga med karakter i faget kroppsøving skal innsatsen til eleven vere ein del av grunnlaget for vurdering.



### **Vurdering i orden og i åtferd**

Vurdering i orden og i åtferd skal givast både med karakter og utan karakter. I vurderinga i orden og i åtferd med karakter skal det takast omsyn til føresetnadene ein elev har.

### **Varsel til heimen**

Om det er fare for at du ikkje kan få halvårsvurdering med karakter eller standpunktkarakter i eitt eller fleire fag, skal du og foreldra/dei føresette ha skriftleg varsel om dette så tidleg at du som elev får moglegheit til å skaffe deg grunnlag for vurdering med karakter. Om det er fare for at du i halvårsvurderinga med karakter eller i standpunktkarakter kan få karakteren Nokså god (Ng) eller karakteren Lite god (Lg) i orden og/eller i åtferd, skal du og foreldre/føresette ha skriftleg varsel så tidleg at ei betring i orden og/eller i åtferd kan gi karakteren god (G).

### **Fritak frå skriftleg/munnleg eksamen**

Når det ligg føre tungtvegande grunnar, kan du, etter søknad frå foreldra, bli fritaken frå eksamen. Rektor avgjer.

Om du er fritaken frå vurdering med karakter i prøvefaget/faga, skal du ikkje delta på eksamen. Dersom du er fritaken frå vurdering med karakter i skriftleg sidemål og skal opp til eksamen i norsk skriftleg, skal du likevel gjennomføre eksamen over to dagar. Du skal skrive på hovudmålet begge dagane.

### **Spesielle ordningar under skriftleg og/eller munnleg eksamen**

Nokre elevar har behov for eigne hjelpemiddel, ekstra tid eller eit eige opplegg for å gjennomføre skriftleg

og/eller munnleg eksamen. Hjelpetiltaka skal møte eleven sin trong for spesiell tilrettelegging så langt råd er, men må ikkje føre til at eleven får fordelar framfor andre som ikkje får slik tilrettelegging. Tiltaka må heller ikkje vere så omfattande at eleven ikkje blir prøvd i kompetansemåla i fag i læreplanverket. Rektor avgjer etter søknad kva for ordningar som skal nyttast. Det kan klagast på rektor si avgjerd. Fylkesmannen er klageinstans.

### **Føring av frávær på vitnemålet**

Frávær frå opplæringa skal førast på vitnemålet i dagar og i enkelttimar. Når du har lagt fram dokumentasjon på årsaka til fráværet, kan du eller foreldra krevje at årsaka blir ført på eit vedlegg til vitnemålet.

Du kan krevje at inntil 10 skuledagar pr. skuleår, dokumentert frávær av helsegrunnar og/eller gitt permisjon på inntil 10 dagar, ikkje blir ført på vitnemålet.

### **Ønskjer du å klage på karakterar?**

Du kan klage på standpunktkarakterar og eksamenskarakterar. Det er og mogleg å klage på vedtak om ikkje å få standpunktkarakter. Du eller den du gir skriftleg fullmakt til, har klagerett. Om du ikkje har fylt 15 år, kan du ikkje klage utan samtykke frå foreldre/føresette. Foreldre/føresette har sjølvstendig klagerett.

Klagefristen er 10 dagar og går frå det tidspunktet meldinga om vedtaket er komen fram til deg eller til foreldre/føresette, eller frå det tidspunktet då du/foreldre/føresette burde ha gjort dykk kjende med karakteren. Fristen blir broten når den som har klagerett, ber om grunngjeving for vedtaket. Ny 10-dagars frist gjeld frå det tidspunkt klagaren har fått grunngjevinga.

### **Når du ønskjer å klage:**

1. Rådfør deg med faglærer og få grunngiving for karakteren så snart det er mogleg, før du klagar på standpunkt- eller eksamenskarakterar.
2. Klagen må vere skriftleg, og den må ha med privatadressa di. Klagen må vere signert.
3. I klagen bør du skrive kva for ein karakter du klagar på og kvifor du klagar.
4. Klagen skal leverast til rektor ved skulen din.
5. Når du klagar, skal du vere merksam på at klagebehandlinga kan føre til at:
  - *karakteren blir ståande*
  - *karakteren blir sett opp*
  - *karakteren blir sett ned*

### **Det er ulike reglar for klagebehandlinga:**

#### **Klage på standpunktkarakterar i fag**

Klagen skal sendast til skulen. Rektor ber faglærer skrive ei grunngjeving for karaktersetjinga. Saman med grunngjevinga og ei fråsegn frå rektor om skulen si sakshandsaming, blir klagen sendt til Fylkesmannen i Vestland.

*Fylkesmannen kan berre vurdere om gjeldande*

#### ***reglar for karakterfastsetjing er følgde og avgjer om du skal få ny vurdering eller ikkje.***

Du får skriftleg melding om denne avgjerda sendt til privatadressa di. Dersom avgjerda er at du skal få ny vurdering, vurderer rektor og faglæraren karakteren på nytt. ***Det er rektor som set endeleg karakter.***

Du får melding frå skulen om resultatet av den nye vurderinga. Denne avgjerda kan du ikkje klage på. Skulen gir melding til inntakskontoret for vidaregåande opplæring dersom resultatet er ein ny karakter.

#### **Klage på karakter i orden og/eller i åtferd**

Klagen skal leverast til rektor. Rektor sender klagen saman med si eiga og kontaktlærer si fråsegn til klageinstansen som er Fylkesmannen i Vestland. Du skal ha kopi av fråsegna.

Fylkesmannen avgjer om karakteren skal endrast og fastset standpunktkarakteren. Du og skulen får melding frå Fylkesmannen om resultatet av klagebehandlinga

#### **Klage på avgjerd om spesiell tilrettelegging av eksamen**

Du kan klage på rektor si avgjerd om spesiell tilrettelegging av eksamen. Klagen skal leverast til rektor. Rektor sender klagen samt sitt eige vedtak og ei eventuell sakkunnig vurdering til Fylkesmannen.

#### **Klage på skriftleg eksamen**

Du har rett til å få framlagt eventuelle retningslinjer som er gitt sensorane til hjelp ved sensureringa. Om du, etter å ha rådført deg med faglærer eller andre med kunnskap i faget, bestemmer deg for å klage, leverer du klagen til rektor.

Ei klagenemnd (tre personar) vurderer prøvesvaret og karakteren. Finn klagenemnda at karakteren er urimeleg, blir det sett ny karakter. Du får melding frå skulen om resultatet av klagehandsaminga. Dersom karakteren blir endra, gir Fylkesmannen som behandlar klagen, melding til inntakskontoret for vidaregåande opplæring.

#### **Klage på munnleg eksamen**

Du kan klage på formelle feil i samband med eksamensgjennomføringa om du meiner dette har hatt noko å seie for resultatet. Formelle feil er feil i høve til retningslinjene for korleis munnleg eksamen skal gjennomførast. Klage på formelle feil skal sendast til rektor. Fylkesmannen er klageinstans. Om Fylkesmannen meiner det er gjort formelle feil, skal karakteren annullerast, og du får høve til å gå opp til ny eksamen. Vel du å gå opp til ny eksamen, skal prøvefaget trekkjast på nytt, og kompetansen din i faget skal vurderast av ein ny sensor.

#### **Nytt vitnemål:**

Fører klagebehandlinga til endra karakter, skal skulen skrive ut eit nytt vitnemål til deg. Då må du levere det første vitnemålet tilbake til skulen.